



Mor Tove Lill Lakselv med snart seks år gamle Niklas har eit brukbart treningsgrunnlag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Eldsjelane som brøyta snø og raskt fekk opp tre baner på Fjellandsbøvatnet laurdag fekk løn for strevet: Truleg var minst 200 innom vatnet og utfalda seg på skøyter eller på annan måte søndag. På det meste var 30 bilar parkert ved vatnet samstundes.**



Det starta med brannsprøyte torsdag. (Foto: Tor Vidar Sæle)

Det vart eit lukkeleg samspel mellom menneske og natur denne veka: Først kom minusgradene, så karane med brannsprøytene, så fleire minusgrader og endeleg gjengen med skyflar etter snøfallet.

Resultatet var det grunn til å vera stolte av.

- Vi har alt her i Uskedalen, til og med vår eigen skøyte-arena, sa ein eldre uskedeling søndag. Han hadde teke fram att skøytene men ville vera anonym.



Korsnes-kolonien imponerte med sspeiking av pølser. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Derimot hadde ikkje familien Lakselv noko i mot å kunnngjera at dei i denne sesongen har vorte skikkeleg skøytefrelste utan å ha teke så mykje som eit skjær tidlegare.

Berre minsteungen på fem månadar var heime denne fine dagen. Familien har allereie eit brukbart treningsgrunnlag, som dei har skaffa seg på ein meir is-sikker arena enn Uskedalens eigen 'stadion': Fugletjønn på vegen til Matre.

Den arenaen anbefaler dei gjerne til fleire!

Men alt som skjedde ved Fjellandsbøvatnet var ikkje sportsprega. Her var det også mykje sosial kos mellom kjende og ukjende.

Kva er til dømes trivelegare enn å steike pølser på open eld i fem minusgrader?

Av Ola Matti Mathisen



Skøytesport er noko for folk i alle aldrar! (Foto: Ola Matti Mathisen)